



Notat

Til: Fagforbundet , NSF , Delta og FO til uttale

Kopi: leiarar Velferdssenteret, Heimetenesta og Omsut

Saksbehandler: Personalsjef/Kjetil Morken
Vår referanse: 17/1439 - 1 /
Dato: 04.07.2017

Emne: Pensjonistløn og arbeid etter uttak av 100 % alderspensjon - retningslinjer for bruk av arbeidstakarar med pensjonistlønsvilkår - drøftingsutkast

Kort om pensjonistløn og arbeid etter uttak av 100 % alderspensjon.

Sidan 2013 er det opna opp for at arbeidstakarar som har tatt ut 100 % alderspensjon kan arbeide utan å bli meldt inn i pensjonkassen slik at dette vil påverke alderspensjonsutbetalingane. Då skal ein få utbetalt ei såkalla pensjonistlønsats.

Vilkår i Radøy kommune.

Hovudregelen er tilfeldige vikartimar, som vert løna variabelt som timeløn. Det er ikkje nokon som har krav på å bli tilsett på pensjonistløn, det er arbeidsgjevar som avgjer om dei vil tilsette pensjonistar etter dette regelverket.

Dei sentrale partane har også slått fast at det ikkje er meininga at ordninga med pensjonistvilkår skal fortrenge yngre arbeidskraft.

Vi legg i tillegg opp til følgjande **føringar for bruk av arbeidstakarar for pensjonistløn.**

I prioritert rekkefølge:

1. Kompetanse – pensjonistavløna må ha kompetansen som det er krav om til stillinga og oppgåvene.
2. Pensjonistar med kompetanse **før** deltidstilsette utan kompetansen.
3. Fast tilsette i deltid med kompetansen må få tilbod om meirarbeid **før** ein brukar pensjonistavløna
4. Det er for Radøy kommune sett ei aldersgrense på 72 år for bruk av eldre arbeidstakarar.
5. Det skal alltid bli gjort ei forsvarleg funksjonsvurdering av **alle** tilsette i forhold til oppgåvene ein blir sett til .

